

Hyldningssong til Ulla

Melodi: Det går en dans på Sunnanø

Det går ein dans på Haramsøy – på Ullahamars gras.
Kvar kar og taus har pynta seg i finaste stas.
På trappa til heimen sin Selma står og ler mot himlen blå.
./. Måse og tjeld mot himlen flyg, og Harald han ser på../.

På vika er det smult og fint og båra ho ligg still.
Nordavinden den er vekk, ein laurdag slik me vil.
Sommarduft ifrå fjøre og fjell, det er slik vi vil ha.
./. Ei fluge som surrar, ei terne som skrik,
då vert me berre gla'./.

I Ålesund, på Nerlandsøy, i Volda og Oslo me bor.
Med kurs for Ullahamaren, eit paradys på jor'.
So vakkert den ligg der i sommarsol med fjell og fjord omkring.
./. Vi som er her, vi kan da ikkje savne nokon ting../.

Frå stoveglas i kvart eit hus me ser utover hav.
Frå blankestilla snur det fort til nordavind og kav.
Hummarteiner og vegn lyt få stå til båra atter vert snill.
./. I ventetida er det hardt for Ågne å sitta still../.

Men no i kveld so har me fri, med fred og hjartero.
Og kjenner at på Ulla er det berre godt å bo.
Vi som er gjestar som vitjar dykk her er glad for å høyre til.
./. Ein ting er sikkert som hav og fjell, attende hit me vil../.

Med beste helsing frå:

Hunden Fia og dei andre sommargjestane på Høgda